

Litlabø

TEMA: Landskapet ⑨, Skulen ①45



Modell av gruveområdet på Litlabø.

I 1907 vart *STORDØ KISGRUBER A/S* skipa, først med belgisk, seinare tysk kapital, og eit moderne gruveanlegg vart bygt opp. Det kom heisanlegg og vaskeri der ein skilde kisen frå gråberget, og det vart lagt eigen smalspora jernbane ut til ei moderne utskipingshamn på Grunnevågneset. Bustader for arbeidarane vart bygd inne på verksområdet og dels i egne grender i Gjerde, Rødkleiv og «Moskvadalen». Dei første åra gjekk drifta med damp frå eigen sentral. I 1922 kom eigen kraftstasjon på Børtveit.

Litlabø-gruvane var ei sjølvforsynt verksemd på mest alle område, også for arbeidarane. Stordø Kisgruber sytte for skule, handel, husvære, vegar, elektrisitet,



Godtfred Vålvatne, ein tidlegare gruvearbeidar på Litlabø. Bilete frå 1990-talet.

renovasjon og kino. Då arbeidarane organiserte seg, laut dei derimot utanom verksområdet. Folkets Hus vart bygt på Dale. Arbeidarkulturen som grodde fram, stod i sterk kontrast til bygda elles. 1. mai-feiringa i Sunnhordland vart først teken opp på Litlabø.

Under siste verdskrigen gjorde kommandogrupper frå Shetland eit «raid» mot gruvane for å stogga produksjonen. Den norske staten overtok gruvane som krigsskadeerstatning i 1945. Drifta gjekk godt utover i 1950-åra, men Litlabø-gruvane makta ikkje å ta kampen opp mot utanlandsk konkurranse i tiåret etter. I 1968-69 vart drifta avvikla. Eige-domane vart kjøpte av Stord kommune i 1972. I dag er bustadene selde til arbeidarane, og mange av driftsbygningane er rivne. Heistårnet står att, og under det går gruvesjaktka 700 meter ned. Gangane går kilometervis innover. Den særmerkte kontorbygningen og nokre av dei andre driftsbygningane står òg framleis.

I den gamle gruvesmia har Sunnhordland Museum bygt opp eit lite museum. Det er faste utstillingar med reiskap og foto frå området. Ein stor modell av anlegget syner korleis det var då drifta var på det største i slutten av 1940-åra. Eit fylldig teikningsarkiv og ei geologisk samling finn du òg i gruve-museet. □

GRUVESAMFUNNET

Dei første kisfunna på LITLABØ på Stord kom for dagen i 1864. Førte år framover vart svovelkisen driven fram i dagbrot. Frå 1874 til 1880 vart han nytta til dynamittproduksjon på staden. Det fekk ein brå slutt då fabrikkens eksploderte og 3 personar omkom.

STORDØENS STIFTSSEMINAR – STORD LÆRARHØGSKULE

I 1838 vart *STORDØENS SEMINARIUM* skipa med sokneprest CLAUS H. DAAE som styrar. Det var første seminariet på Vestlandet og likeins eit av dei første i landet. Skulen hadde rom i «almuebygningen» på prestegarden Tyse. Mellom 8 og 40 elevar vart opptekne årleg fram til 1860. Til dess var i alt 326 elevar opptekne på skulen.

To bruk på garden Øvre Rommetveit vart innkjøpte for utbygging av skulen. I 1866 kom det første store skulebygget. Øvingsskulebygg kom i 1881. Andre, store byggjeperioden kom i 1917 med aula, internat og lærarbustader kringom på eigedommen. Ein parkliknande hage vart laga til mellom skulebygget og sjøen. Her er det framleis eit stort utval av eksotiske planteslag.

I 1875 vart rektorstillinga skild frå sokneprestembetet. Stiftseminariet endra namn til Stord lærarskule og seinare Stord lærarhøgskule. «Seminariet» festa seg så sterkt i folkemedvitet at det har vorte fast stadnamn på Stord.



Stordøens Seminarium, ein av dei første lærarskulane i landet, slik anlegget såg ut kring hundreårsskiftet.